

# Mislukka kommunereform i 1630-åra


## Siste nytt frå 1600-talet

Tekst: Oddmund L. Hoel

Det har vore mykje snakk om kommunereform i nokre år, og Schei-komiteen og samanslåingane i 1960-åra vert jamleg drege fram. Samanslåingane på 1600-talet har derimot kome heilt i skuggen, så det lyt det gjerast noko med. Påstanden i dette stykket er nemleg at me må attende til 1630-åra for å finne forklaringa på at Luster i dag går klar av samanslåingane.

Her står me ved eit uløyst mysterium for Jostedalen sin del. Var det vesle prestegjeldet slege saman med Gaupne ei tid, eller vart det aldri noka samanslåing? Sentralt i mysteriet står eit feildatert brev. Og for at ingen skal mistyde: Det fanst ikkje kommunar før 1837, så på 1600-talet er det prestegjeld me snakkar om. Samanhengen er slik at formannskapslovene i 1837 slo fast at kommunegrensene skulle fylgje prestegjeldsgrensene.

I «Siste nytt frå 1600-talet» frå 2011 og 2012 står det om den skiftande tilknytninga til Luster og Hafslo frå nybyggjarane kom til dalen sist på 1500-talet og fram til Jostedalen seinast i byrjinga av 1630-åra må ha vorte skilt ut som eige prestegjeld. I praksis var banda til Hafslo og Luster lause sidan Jostedalen låg avsides til og måtte ha eigen prest. Det tok likevel ikkje lang tid før det vart stilt spørjeteikn ved om dette var ei god løysing. I jubileumsboka for Jostedal kyrkje (2010) skreiv eg at det i 1636 vart avgjort å ta Gaupne sokn frå Luster og slå det saman med Jostedalen til eit nytt prestegjeld der Gaupne var hovudsokn. Den nye presten Otto Ravn skulle busette seg i Gaupne og ha gudsteneste i Jostedalen kvar tredje sundag. Grunnen var at Jostedalen hadde for få og fattige innbyggjarar til å gje presten ei inntekt han kunne leve av. Løysinga var i tråd med ynska til Otto Ravn og kyrkjelyden i Jostedalen, som hadde vendt




Den eldste avskrifta som i dag finst av det feildaterte brevet 16. mars 1636, er ei avskrift Matthias Foss gjorde i 1743. Han skriv i «Jostedals kortelige Beskrivelse» (1750) at han hadde «fundet i Kirkeskabet en gammel sønderreven Kopie» av dette brevet, så Foss har heller ikkje hatt originalen.

seg til lensherre Jens Bjelke og biskop Ludvig Munthe i Bergen, dei to fremste av kongens menn på Vestlandet. Kjelda me har på dette, er brevet der Bjelke og Munthe slår fast at Gaupne og Jostedalen skal slåast saman fordi presteinntekta i Jostedalen var «saa ganske ringe, at een Præstemand deraf med Hustrue og Børn ikke kand have sin nødtørstige Underholdning». Originaldokumentet har me ikkje, men det finst ei avskrift frå 1743 som seier at brevet vart skriva i Bergen 16. mars 1636.

Tidlegare har eg og andre som har skriva om dette, hevda at det ikkje kan ha vorte noko av denne samanslåinga, for det finst eit nytt brev frå Jens Bjelke datert Bergen 28. oktober 1636, altså eit halvt år

etter. Det slår fast at Otto Ravn er sokneprest i Jostedalen og skal få det same korntilskotet frå andre kyrkjer i Sogn som forgjengarane. Dei låge inntektene til jostedalspresten gjorde at det tidlegare, truleg i åra 1615–19, var ordna slik at han fekk rett til ein del av korntidenda i dei andre prestegjelda i Sogn. Så kan ein spekulere på om soknepresten i Luster sette seg i sving og fekk kongens folk i København til å overprøve avgjerda i Bergen om at han skulle miste Gaupne sokn.

Problemet med denne framstillinga er berre at det fyrste av desse breva kan ikkje ha vorte skriva så tidleg som 16. mars 1636. Her let eg meg rett og slett lure, til liks med alle andre som har skriva om



Rekneskapen for Gaupne kyrkje for perioden 1. mai 1638–1. mai 1639, fyrste året Otto Ravn henta korn i Gaupne: «Udgiffteenn. Leuerit her Otte Raffn effter Øffrigheds befalingh 1 tønde Koren (...)». Han hadde neppe hatt rett på kyrkjekorn om han var prest i Gaupne.

dette. Ludvig Munthe hadde på dette tidspunktet eit embete ved hoffet i København og vart ikkje utnemnt til biskop i Bergen før 25. oktober 1636. Han kom til Bergen og overtok embetet 13. mars 1637. Avskrifta me har av brevet, er ei som jostedalspresten Matthias Foss sende frå seg i februar 1743, så her må det ha snike seg inn ei feildatering på eit eller anna tidspunkt. Originalen til brevet frå 28. oktober 1636 finst heller ikkje, men her har me ei avskrift frå kring 1670. Dersom den datering er rett, må altså brevet frå Bjelke og Munthe som slår fast at Jostedalen og Gaupne skal slåast saman, ha vorte skrivne etter brevet frå oktober 1636 som slår fast at Otto Ravn berre er prest i Jostedalen. Det tidlegast tidspunktet samanslåingsbrevet kan ha vorte skrivne, er mars 1637 då Munthe kom til Bergen. Såleis kan me ikkje lenger utelukke at Jostedalen og Gaupne var i lag ei tid etter 1636/37.

Sikkert er det likevel at «kommunereforma» til Ravn, Bjelke og Munthe ikkje vart ei permanent løysing. Kyrkjerekneskapane for kyrkjene i Sogn finst attende til kring 1630, og der er korntilskottet til jostedalspresten ført som utgift. Forgjengaren til Otto Ravn, Mikkil Nilsen, fekk siste gong utlevert kyrkjekorn i rekneskapsåret 1633–34 som vara til 1. mai, så han døydde truleg i 1634. Så er det

oppald nokre år, men seinast i rekneskapsåret 1638–39 var «herr Otto» på plass og fekk utlevert kornet som brevet 28. oktober 1636 gav han rett på. Han henta iallfall korn både i kyrkjene Dale, Gaupne og Fortun.

Korkje Riksarkivet eller Universitetsbiblioteket i Bergen, som har avskriftene me kjenner, har funne fleire dokument som kan kaste lys over saka. Ei hending til kan likevel nemnast utan at me veit om det spela inn. Prosten som leia prosessen med å tilsetje Otto Ravn i Jostedalen, var Peder Schytte i Sogndal. I kyrkjerekneskapen for Jostedalen får me opplyst at kyrkja har «giffuet her Peder [Schytte] for her Ottis Kaldsbreff – 1 Rdr.» Denne utgifta er ført opp under åtteårsperioden 1635–42, men Schytte skal ha døydd i 1637. Kanskje miste då Otto Ravn ein viktig alliert i kampen for å få hand om Gaupne. Men inntil vidare kjem me ikkje lenger i å finne ut av kvifor Otto Ravn ikkje fekk viljen sin.

Likevel er det freistande å spekulere i kva som hadde skjedd om samanslåinga av Gaupne og Jostedalen hadde vorte noko av. Denne løysinga var faktisk eit alternativ i 1960-åra. Hadde det skjedd i 1630-åra, eller i 1740-åra då Matthias Foss prøvde seg på det same, hadde me fått ei anna

kommuneinndeling i 1837. Luster utan Gaupne hadde vorte ein kommune, Gaupne med Jostedalen ein kommune og Hafslo ein kommune. Det er lite truleg at Scheikomiteen i 1950- og 60-åra hadde gjort framlegg om å slå saman desse tre kommunane. Hovudsaka med samanslåinga i 1963 var å løyse «jostedalsproblemet» – at Jostedal kommune var for svak og fattig til å kunne halde fram åleine. Og hadde ikkje dei tre kommunane vorte slegne saman i 1960-åra, hadde det nok vore eit brennande spørsmål i dag. Slik sett var det kanskje like greitt at Otto Ravn ikkje fekk viljen sin i 1630-åra.

#### Kjelder og litteratur:

- Brev fra 1630-åra og kyrkjerekneskapane ligg på [www.historielaget.jostedal.no](http://www.historielaget.jostedal.no), både skanna originalar, avskrifter og merknader.
- Kåre Øvregard m.fl.: Jostedal kyrkje. Fakta, segn og søge gjennom 350 år. Leikanger: Skald forlag, 2010. – Særleg kapittel X.
- Ein særleg takk til Tor Weidling på Riksarkivet for å ha leita gjennom arkivet etter Danske kanselli 1628–1648 slik at me kan sjå bort frå at det finst noko der om saka.